

Avtale

mellom

Stiftinga Vest-Telemark Museum

og

Tokke kommune

om

drift av samlings- og administrasjonsbygg og verkstad, Tokke

§ 1 Partane

Partane i denne avtale er Stiftinga Vest-Telemark Museum og Tokke kommune.

§ 2 Avtala gjeld

Denne avtala omhandlar drifta av den museumsfaglege verksemda i kommunen si bygningsmasse på Uppistog Vindlaus, gnr. 34 bnr. 1. Bygningsmassa omfattar samlings- og administrasjonsbygg og verkstad.

Med denne driftsavtala tildeler kommunen Stiftinga Vest-Telemark Museum (offentleg stifting) eneretten til å utføre drifta i anlegget.

§ 3 Innhaldet i driftstenesteleveransa frå Vest-Telemark Museum

Stiftinga Vest-Telemark Museum organiserer drifta i samlings- og administrasjonsbygget og verkstaden som eiga avdeling med eigen avdelingsleiar som rapporterer direkte til direktør. Føremålet med verksemda er museumsdrift. Som museumsfagleg institusjon skal den både samle inn og konservere gjenstandar, dokumentere og forske. Den skal formidle Vest-Telemark si kunst- og kulturhistorie på ein aktiv og engasjerande måte. Å stimulere born og unge si interesse for historie er ei særskild målsetjing for verksemda.

Museumssamlingane skal til ei kvar tid bli forvalta i tråd med gjeldande regelverk og vedtekter.

I driftstenesta høyrer til at det skal bli arbeidd aktivt for marknadsføring av museet sine arrangement, utstillingar, produksjonar og vitskaplege arbeid. I marknadsføring, så vel som i val av formidlingsmetodar, aktivitetar og tilrettelegging skal særskild born og unge vere prioritert.

Denne driftsavtala omfattar også drift av resepsjons- og salstenester, samt kafè/ restaurant og konferansetilbod i anlegget. Drift av kafè/ restaurant- og konferansetilbod kan setjast ut til underleverandør. Det er plikt til å føre separat rekneskap for denne delen av driftstenesta, og med dette naudsynt registrering i momsregisteret.

Konferansetilbodet i anlegget skal bli tilrettelagt for ei breidde av leigetakarar. Det vert vektlagt at tilbodet kan vere differensiert slik at også frivilljuge lag og organisasjonar, skular og andre med avgrensa betalingsevne har høve til å nytte seg av tilboda.

§ 4 Bruk av anlegget

For driftsoppgåvene vert lokala stilt til disposisjon slik eksisterande bygningsmasse er på avtaletidspunktet og nybygga står i høve til vedteke prosjekteringsplan. Driftstenestene omfattar mellom anna utstillingar, og Vest-Telemark Museum kan gjere innreiring og disponere lokala til beste for dette. Trong for permanente ombyggingar i/ av lokala for å gjennomføre teneleg driftsproduksjon skal bli lagt fram for kommunen. Vest-Telemark Museum står for den museale- og bygningsmessige drifta.

Kommunen gjere periodiske kontrollar, inspeksjonar og tilsyn med bygga, og ser til at desse er i lovleg og ordentleg stand.

Drifts- og forbruksavhengige tilhøve knytta til anlegget slik som reinhald, energi, renovasjon-, vatn- og avlaupsgebyr og eventuelle ordningar med vaktmeister og vakttenestetilknytting er ein del av driftstenesta. Forsikringar av innvendig utstyr, materiell og lausøyre, samt alt av museale gjenstandar og samlingar inngår òg i dette.

§ 5 Vederlagsberekning og krav til økonomistyring

5.1 Eksterne tilskot og gåver

Stiftinga Vest-Telemark Museum kan søkje om offentlege og private tilskott til drifta. Særskilde tilskot/ gåver til prosjekt, utstillingar og utviklingsoppgåver knytt til anlegget Vest-Telemark Museum skal gå fram av årsrekneskap og resultatrapport.

5.2 Kommunalt driftstilskott

Kommunen overfører eit fast driftstilskott på kr. 779.407,-(2009), knytt til drift av Vest-Telemark Museum. Dette er i tråd med avtaleverket for Vest-Telemark Museum.

Alle faste driftstilskott skal vere indeksregulert i samsvar med konsumprisindeksen, der utgangspunktet er konsumprisindeksen per 15.november kvart år.

Stiftinga Vest-Telemark Museum fakturerer kommunen to gonger for året med betalingsfrist 1.mars og 1.september.

Auka i FDV-kostnader knytt til heilårsdrift og bygningsmessig utviding er føresett dekt av KKD jf. søknadsdokument.

5.3 Økonomistyring og rapportering

Etter handsaming i styret for Vest-Telemark Museum skal endeleg driftsbudsjett bli oversendt kommunen. I tråd med statlege krav om rapportering av rekneskapstal, nøkkeltal om besøk, aktivitet med vidare for denne verksemda pliktar begge paratar å føre detaljert rekneskap for utgifter og inntekter vedrørande drifta av Vest-Telemark Museum. Årsrapport og årsrekneskap med revisjonsberetning for Vest-Telemark Museum skal bli sendt kommunen for orientering.

§ 6 Avtaleperioden

Avtala er uoppseieleg i 20 år med gjensidig rett til fornying med 20 år om gongen. For innkøyring i fyrste driftsår etter ferdigstilling skal ein i fellesskap utarbeide naudsynte prosedyrer, slik at fyrste heile år i avtaleperioden vert rekna frå 01.01.2011. Begge paratar kan når som helst be om tinging av ny avtale dersom det kjem lovendingar, andre statlege reformar eller omfattande bygningsmessige skadar som etter denne avtala avgrensar eller gjere vidare drift umogeleg i Vest-Telemark Museum som museum.

Ny avtale skal bli lagt fram for styret i Vest-Telemark Museum for godkjenning, etterfølgd av godkjenning av Tokke kommunestyre for å vere gyldig. Verkedato skal bli lagt til næraste årsskifte.

§ 7 Avvikling

Dersom nasjonale lover, omfattande statlege reformar, bygningsmessige skadar eller tilsvarende ytre omstende gjer at grunnlaget for drifta og driftsavtala ikkje lenger er tilstades og avtaletilhøvet må bli avvikla, skal partane snarast etablere eit avviklingsstyre. Avviklingsstyret skal bestå av minimum ein representant frå styret i Vest-Telemark Museum, ein oppnemnd av Tokke kommunestyre og ein oppnemnd av Telemark fylkeskommune. Ein skal be om å få oppnemnd ein frå staten ved Fylkesmannen i Telemark. Denne representanten er leiar av avviklingsstyret. Avviklingsstyret skal avslutte sitt arbeid innan eit år frå vedtaksdato. Det er avviklingsstyret sitt ansvar å avgjere forvaltinga av formue som følgjer av drifta. Avviklingsstyret gjev si innstilling til vedtakande organ lokalt og staten fattar endeleg avgjerd om avviklingsoppgjeret.

§ 8 Samarbeid

Gjennomføringa av avtala er grunna i samarbeid og dialog. Minst ein gong i året, innan 1.oktober, skal partane koma saman for å evaluere avtala. Frå kommunen deltek fast ein representant frå kultur, eigedom og rådmann. Frå Stiftinga Vest-Telemark Museum deltek fast direktør, avdelingsleiar Vest-Telemark Museum og formidlingsansvarleg.

Målsetjing er å få fram gjensidig forbettringshøve, forenklingar og kostnadseffektiviserande tiltak innan avtala sine rammer. Vidare å gjensidig orientere kvarandre om større planlagde oppgåver komande år, det vere seg større utstillingar og produksjonar av museal og vitskapleg art, og planlagde kontrollar og tiltak i anlegget. Målet er koordinere framtidige tiltak og sikre forutsigbar drift i Vest-Telemark Museum.

§ 9 Tvist om avtala

Tvist om forståing eller gjennomføring av avtala skal løysast ved tingingar mellom partane. Dersom partane ikkje kjem til sams skal tvisten løysast ved voldgift der kvar av partane vel sin representant og ein tredje vert peika ut av sorenskrivaren i Vest-Telemark (jf.tvistemålslova kapittel 32).

§ 10 Kommunikasjon

Kontaktperson i Tokke kommune er

_____ (avtala generelt) og _____ (bygningsrelaterte tilhøve)

Kontaktperson i Stiftinga Vest-Telemark Museum er direktør og avdelingsleiar Vest-Telemark Museum.

Dalen xx.april 2009

Stiftinga Vest-Telemark Museum

Tokke kommune

styreleiar

ordførar

direktør

rådmann